

## Interpellasjon

Kvam heradsstyre bed rådmannen om å leggja til rette for løpande opptak til barnehagane i Kvam.

- Rådmannen får fullmakt til å justera bemanninga i barnhagane for å kunna ta opp i seg alle som har søkt barnehageplass i Kvam herad i første halvår 2021.
- Rådmannen får fullmakt til og i oppgåve å informera alle som står på venteliste om at heradet arbeider for å skafffa dei plass i ein eller annan barnehage i Kvam allereie frå hausten av 2021.
- Rådmannen får fullmakt til å finansiere tiltaka og justera kostnadsramme for oppvekst i 2. tertial 2021.

Bakgrunnen for saka er at Kvam herad siste halvår har fått mange tilflyttarar som er på desperat jakt etter å få avklaring om barnehageplass i Kvam. Våre barnehagar er etter ordinært opptak «fulle» så me må melda frå til tilflyttarar at dei må vente til neste opptak før dei kan vera trygge på å få plass. Dette er ikkje haldbart og me må koma over i ein situasjon der me har barnhageplassar «på lager». Då vert me endå meir attraktive som kommune å flytte til og dei som bur her vil og kunna søkja og få barnehageplass løpande heile året. Investering i barnhagesektoren er viktig for å kunna auka innbyggjartalet og for at alle born og familiarer skal ha tilgang til gode tenester i kommunen. Som fyrste ledd i denne satsinga må alle ledige plasser i eksisterande barnehagar i Kvam fyllast opp. Så får rådmannen i neste ledd koma attende til heradsstyret med sak om evt utviding av antal barnehageplassar sentralt i kommunen der behovet for tida er størst.

Fellesframlegg: Ap, Krf, Frp, H, SP,